

INDUSTRIKONSULENTEN PÅ OSTERØY

Årsmelding 2005

Forutan direkte oppdrag for etablerarar og bedrifter og sekretærfunksjonen for Osterøy Industrilag har følgjande oppgåver prega arbeidet i 2005:
sekretariat for Osterfjord Næringsamarbeid, prosjektleiar for det EU-finansierte prosjektet **TECHTRA**, arbeid for eit pilotprosjekt for å utlyse ei **bioenerginærings** i Hordaland, sekretær for **kompensasjonsstyret** og sekretær for komiteen for fornying av **Osterøy vidaregåande skule** (nytt skulebygg og spissa tilbod innan avansert maskinering).

Industrikonsulenten har bistått ved søknader om 7 nye **skattefunnprosjekt** i 2 bedrifter.

Talet på **nye oppdrag**, 34, var lågare enn dei siste åra. Det er særleg talet på **etableringsoppdrag** som er noko lågare; 19. Desse nye etableringsoppdraga har resultert i meir enn **11 nye verksemder**. I dette talet er ikkje rekna med nyetableringar i 2005 i samband med oppdrag som er registrerte året før/tidlegare år. Andelen av dei me har bistått som verkeleg registerer eit firma, er høg.

I 2005 arbeidde industrikonsulenten på det nærmaste full stilling med kombinert løn frå Industrikonsulenten og prosjektløn frå Osterfjord Næringsamarbeid.

Industrikonsulenten er **sekretær for Osterøy Industrilag**. Industrilaget har hatt mykje fokus på kompensasjon for auka arbeidsgjeveravgift, samferdsle/ ny veg mellom Hauge og Lonevåg og Armatunnelen og å sikre tenleg industriareal i samband med kommune-delplanen for Hauge (det siste har ikkje lukkast endå). Sjå eiga årsmelding.

Kommunen har gitt tilskott til Industrikonsulent-verksemda også for 2005. Kommunen held kontor til Industrikonsulenten.

Me får tilskott på kr 25.000 frå **Hordland fylkeskommune** via **Osterfjord Næringsamarbeid** til næringsutviklingsarbeid.

OPPDRA�

Forutan ein del oppdrag frå året før som det har vore arbeidd vidare med, har Industrikonsulenten altså fått **34 nye oppdrag i 2005**. Dette er både reine kontakt- og informasjonsformidlingsoppdrag og oppdrag der konsulenten har gjort ein "jobb" for verksemda. Omfanget av oppdraga varierer frå oppdrag som vert løyste pr telefon til det største oppdraget som var på

17,5 timer.

Oppdraga var fordelt slik:

	2003	2004	2005
Nye etableringsoppdrag	33	35	19
Nye oppdrag for etablerte verksemder	17	19	15
SUM	50	54	34

I tillegg til det som er registrert som "oppdrag", kjem ei rekke kontaktar med verksemndene gjennom sekretærfunksjonen for Industrilaget og gjennom prosjektarbeid.

For dei fleste av etableringsoppdraga var ønsket om å ha ein "samtalapartnar" utgangspunktet for kontakten. Von om gunstig "finansiering/tilskott" var utgangspunkt for ein del. Det at det finst tilskottsortningar, er eit hjelpemiddel til å kome i kontakt med oppdragsgjavarane. Det er svært få som oppnår å få tilskott. Skattefunnordninga med skattefrådrag for utviklingsarbeid er derimot vorte ei bra ordning for veletablerte bedrifter.

Følgjande oppstilling syner korleis oppdraga er fordelt med omsyn til storleik på verksemndene:

Tilsette	Tal oppdrag
Nyetablering	19
1-4	5
5-9	4
10-19	3
20-49	1
50-100	2
SUM	34

Fordelinga er godt i tråd med målet om å prioritere dei minste verksemndene.

76 % av oppdraga er komne i stand etter direkte initiativ frå kunden. Dette inneber at det er kundane sjølv som i stor grad finn fram til og spør etter hjelp frå Industrikonsulenten. Kva oppdrag Industrikonsulenten arbeider med, vert i stor grad styrd av dette. Ved 88% av oppdraga var første kontakt pr telefon. Oppdraga har vore frå 32 ulike etablerarar / verksemder. For 2 verksemde er det handsama 2 oppdrag.

Oppdraga for **eksisterande verksemder** bransjefordelt:

Mekanisk industri	2
Anna industri	3

Tenester	7
Andre bransjar	3
SUM	15

I desse tala kjem ikkje med oppdrag for eksisterande industri som går over fleire år.

Etableringsoppdraga bransjefordelt:

Ulike former for tenester	13
Anna	6
SUM	19

Det er vanskeleg å seie kor mange verksemder det vert av desse etablerings-sakene, mange etableringar skjer over tid, men allereie er det heile 11 som har registrert nytt firma.

ANDRE SAKER INDUSTRIKONSULENTEN HAR ARBEIDD MED

Forutan å vera sekretær for Osterøy Industrilag (sjá eiga årsmelding) har Industrikonsulenten arbeidd med mellom anna følgjande oppgåver av meir generell karakter for Osterøy-næringslivet;

* Osterøy-næringslivet fekk **kompensasjon for auken i arbeidsgjevaravgifta** frå 1.1.2000 t.o.m. 2003, men berre 50% av kompensasjonen som Stortinget hadde lagt opp til, er utbetalt. Industrikonsulenten er sekretær for kompensasjonsstyret på timebasis. Det har vore arbeidd aktivt for å få fullført kompensasjonen/ oppnå kompensasjon i tråd med kompensasjonen som vert gitt til dei ca 100 kommunane som fekk auka arbeidsgjevaravgift frå 2004. Kompensasjonsstyret har arbeidd aktivt for å bidra til realiseringa av ny riksveg 567 Hauge – Lonevåg med m.a. hjelp av ca 8 mill kr i kompensasjonsmidlar. Etter at Osterøy Utvikling vart avvikla pr 1.4.05, tok kompensasjonsstyret på seg å forvalte restmidlane på 1,65 mill kr. M.a. har sekretæren bistått utvalet som trekte opp retningslinene for bruken av desse midlane. Det er brukt midlar i samband med vidareutvikling av Osterøy vidaregåande skule, m.a. innan feltet avansert maskinering. Dette ser ut til å gi svært gode resultat, både m.o.t. nytt skulebygg og utvikling av undervisningstilbodet. Industrikonsulenten har teke på seg sekretariatsfunksjonen for **"Komiteen for vidareutvikling av Osterøy vidaregåande skule"** som var oppretta i 2005.

* Industrikonsulenten har for 2005 og 06 **sekretariatsfunksjonen for Osterfjord Nærings-samarbeid**. Osterfjord Næringsamarbeid vert finansiert m.a. med tilskott frå Hordaland fylkeskommune. Osterfjord Næringsamarbeid får også midlar via Hordaland fylkeskommune til Regionalt næringsfond for Osterfjord. Sjá eiga årsmelding.

* Gjennom Osterfjord Næringsamarbeid har Industrikonsulenten vore prosjektleiar for eit EU-finansiert prosjekt; **TECHTRA, Technology Transfer Information Network**. Dette er finansiert gjennom Interreg IIIC-programmet ENABLE og

av **Hordaland fylkeskommune**. Forutan Osterfjord Næringsamarbeid var Thüringen Innovativ, eit teknologisenter i Erfurt, Flora kommune og Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar partnarar i prosjektet. Prosjektet vert fullførd i 2006 og budsjettet er på € 144.000, vel 1 mill kr. Prosjektet er ei vidareføring av Nærinetprosjektet og bygger på bedriftsbasen www.vestnett.no og nyhendetenesta www.narinytt.no. Annakvar veke får bedrifter i Osterfjordområdet handplukka nyhende tilsend pr e-post.

* Ei anna viktig oppgåve i Osterfjord Næringsamarbeid har vore finansiering av eit **utviklingsprosjekt for å utløse bioenerginæringa i Hordaland**. Dette er ei vidareføring av prosjektet "Nyskaping i småbedriftsmiljø" som var fullførd i 2004. På slutten av 2005 sette fylkestinget av ei ramme på 4 mill kr over 3 år til denne satsinga med Industrikonsulenten som prosjektleiar. Fleire Osterøy-bedrifter har engasjert seg på området og det er gledeleg at **Osterøy Energi AS** har satt i drift Osterøytunet varmesentral og at **Palle Karm og Kassefabrikken AS** har starta brikettproduksjon i Brikettfabrikken på Raknes.

* Industrikonsulenten er sekretær for prosjektgruppa som arbeider for utvikling av **mobiltoalett**. Dette er ei vidareføring av eit utviklingsprosjekt som vart sett i gang som del av prosjektet "Nyskaping i småbedriftsmiljø". Partnarar her er Tysse Mek Verksted AS (tilhengar), Jets Standard AS, Hareid, (vakuum toalettekologi) og Mjøs Metallvarefabrikk AS (produsent av vakuum toalettpumper). Prototypen vart med god resultat testa som offentleg toalett på Voss sommaren 2005. På slutten av året kom den første tingina av mobiltoalett. Forsvaret tinga ei vogn med 5 toalett og 3 vassfrie urinalar.

MØTE, KURS, FOREDRAG

Forutan møteverksemde mm. i samband med ovan-nemnde kan nemnast;

* Delteke ved samling for **Regionalt Utviklingsprogram**, RUP, for Hordaland.

* Delteke ved fleire møte i regi av **Bergen Næringsråd**, både om næringsutvikling og om **Arnafunnelen**.

* Skipa 15.2.05 til **Etablerarverkstad** i Lonevåg; ein møtestad for personar med etableringsidear.

* 8.2.05; foredrag med biletet ved **Osterøy museum** om næringsliv og næringsutvikling på Osterøy.

* Deltok i mars saman med Mjøs Metallvarefabrikk AS ved KOLON-seminaret i Sandefjord om **naturbaserte rensemetodar**.

* Foredrag i samband med opninga av **Osterøytunet varmesentral** 18.3.05 der fylkesordføraren stod for den offisielle opninga.

* Orientering under temamøte/synfaring som **Osterøy heradsstyre** 13.4.05 hadde til fleire Osterøybedrifter.

* Deltok 19.4.05 ved prosesssamling i Haus i regi av **Osterfjord Reiselivslag**.

- * Deltok 11.5.05 ved synfaringa som **samferdselsutvalet i Hordaland** hadde på Osterøy.
- * Skipa til og deltok ved studietur i regi av Osterøy Industrilag til **Litauen** i slutten av mai, m.a. med vitjing hjå ein tidlegare Osterøybedrift; Svenheim Møblefabrikk.
- * Deltok 15.6.05 saman med Tøsse Bakeri AS ved utviklingssamling for **småskalaleverandørar** til Spar Mat-kjeden.
- * Deltok 22.8.05 ved synfaring med **stortingsrepresentant Ingebrigt Sørfonn**.
- * Orientering for **økonomistudentar ved Høgskulen i Bergen** om Osterøynaeringslivet i samband med vitjing ved Tøsse Mek Verksted AS 12.10.05.
- * I samband med prosjektet **TECHTRA**; reiser til Erfurt i Tyskland i oktober og til Florø i desember.
- * Deltok 1.11.05 ved møte i regi av Nordea om **tenestepensjon**.
- * Deltok i oktober ved helgekurs i **coaching** i Skånevik.
- * Deltok 22.11.05 ved seminar i Bergen i regi av Miljødepartementet/ riksantikvaren om **kulturminne og næring**.
- * Deltok 28.10.06 ved opninga av Palle Karm og Kassefabrikken AS sin **brikettfabrikk** på Raknes der fylkesordføraren stod for den offisielle opninga.
- * Innlegg på kurs i Bergen 7.12.05 i regi av **Norsk Bioenergiforening** om arbeidet for utvikling av ei bioenerginæring i Osterfjordregionen/ Hordaland.

STYRINGSUTVAL

Styringsutvalet har hatt følgjande samansetning:
Formann : Lars Magne Bysheim

Willy Helgesen, vara Jorunn Jacobsen
 Svein Skulstad, vara Jostein Jacobsen
 Ordførar Kari Forseid Aakre.

DØME PÅ SPØRSMÅL SOM INDUSTRI-KONSULENTEN HAR HANDSAMA I 2005.

Eg har utvikla ein nye ide. Korleis går eg fram om eg vil søke patent?
 Eg har lyst til å starte ein internettcafe, korleis går eg fram?

Me vil tilby vikarar. Kva trur du om trongen i Osterøy-industrien?
 Eg har planar om å starte oppdrett av kvitfisk.
 Kan eg få ein prat med deg?
 Eg treng ein mal å gå etter når eg skal gje pris til kunden. Kan du hjelpe?
 Me skal registrere eit firma. Korleis gjer me det?
 Kan du hjelpe oss med ein skattefunnsøknad?
 Me vil søke kommunen sitt næringsfond.
 Korleis kan ein søke?
 Me skal tilsetje ein prosjektleiar. Har du nokre tips, du som kjenner så mange?

REKNESKAP 2005

	Utgifter	Inntekter
Tilskott frå Osterøy kommune		150.000,00
Tilskott frå Osterfj Nærings Industrilaget		75.000,00
Sekretærgodtgjersle		40.000,00
Konsulenthonorar		81.300,00
Prosjektninntekter		0
Renter		11.494,56
 Løn inkl sos utg*	260.823,00	
Revisjon	500,00	
Kontorkostnader	12.769,01	
Reise/diett elles	2.223,00	
Km godtgjersle	5.112,00	
Gebyr	132,00	
Tap på fordring	0,00	
Overskott	76.235,55	
	357.794,56	357.794,56
 Nordea 31.12.05	1.870.311,04	
Kundefordringar	86.750,00	
Leverandørgjeld		0
Skuldig skattetrekk		0
Skuldig arbeidsgj.avg.		0
Skuldig ONS og OIL **		1.090.000,00
Skuldig mva		19.631,00
Eigenkapital		847.430,04
	1.957.061,04	1.957.061,04

* L Mjøs er i tillegg løna direkte frå Osterfjord Næringsamarbeid for prosjektoppgåver.

** Osterfjord Næringsamarbeid (ONS) og Osterøy Industrilag (OIL) har fått nytte Industrikonsulentkontoen som plasseringskonto for betre renteavkastning.

Kasserar: Lars Mjøs. Revisor: Norodd Helle

INDUSTRIKONSULENTEN PÅ OSTERØY

TIL DI TENESTE

FOR KVEN ?

Alle som driv eller har lyst til å driva næringsverksemd på Osterøy, har høve til å nytta Industrikonsulenten. Verksemda di eller planane dine kan vera frå dei minste til dei største og produksjonen din automatisert eller handverksprega.

KVA SLAG SPØRSMÅL ?

Alle typar spørsmål som har med næringsverksemd å gjera, kan rettast til Industrikonsulenten. Me vil anten kunne svara på dei sjølve eller finna fram til stader der du kan få svar. Alle opplysninga vert handsama fortruleg.

KVA KOSTAR DET ?

Tenestene til Industrikonsulenten er gratis dersom du er nyetablerar eller me treng kort tid for å finna svar på spørsmålet ditt. Dersom spørsmålet ditt krev meir arbeid, må du etter avtale betale ein timepris frå kr 300 til kr 400.

KVEN STÅR BAK ?

Det er Osterøy Industrilag som har teke initiativ til stillinga og tilsett Industrikonsulenten. Osterøy kommune støttar stillinga økonomisk og held kontor og telefon. Industrilaget betaler sekretærgodtgjersle og ein del inntekter kjem frå oppdrag me utfører for næringslivet. Ordføraren er representert i styringsutvalet for verksemda.

KVEN ER ME ?

Lars Mjøs har vore tilsett i deltids-stilling som Industrikonsulent sidan 1982. Han er utdanna sivilingeniør, maskinlina, ved Norges Tekniske Høgskule, no NTNU. Han har vidareutdanning innan undervisning og miljøvern, mellom anna arbeidsmiljøspørsmål.

Han har vore med å skrive boka "Fem små mekaniske verksteder" og boka "Grunnbok i bedriftslære".

Han har 1 års verkstadpraksis frå Nylands Mekaniske Verksted i Oslo før han tok til med utdanninga og han har arbeidd 2 år som skipsvinsjkonstruktør ved BMV, Hordvikneset. Han driv også eiga konsulentverksemd med etableraropplæring som spesialitet.

KORLEIS FÅ TAK I INDUSTRIKONSULENTEN ?

Ring direktenummer 56 19 22 70, mobil 416 28 531, faks 56 19 21 01. E-postadressa er; lars.mjos@osteroyindustrilag.no. Du kan og vitje Industrikonsulenten i "bustaden" ved rådhuset på Hatland. Gi melding i servicekontoret i rådhuset dersom du ikkje får tak i Industrikonsulenten, så kontaktar han deg.

Nærare informasjon finn du på www.osteroyindustrilag.no/indkons